



KYSTVERKET

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref
2024/2489-4

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
02.07.2024

Fråsegn til detaljplan for ny trasé for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden - Hove-spennet - Sogndal og Vik kommuner - Vestland fylke

Vi viser til brev av 16.5.2024 med høyring av detaljplan for ny trase for luftspenn over Sognefjorden mellom Fimreiteåsen i Sogndal kommune og Ramnaberget i Vik kommune, kaldt Hove-spennet.

Det vert nå søkt om endra trase for Hove-spennet over Sognefjorden frå anleggskonsesjon gitt i 2020. Grunngeving er forsyningstryggleiken, med den konsekvens at eksisterande luftspenn ikkje kan fjernast før nytt luftspenn over fjorden er etablert. I følgje søkar må det vere avstand mellom eksisterande og nye luftspenn. Det er planlagt å etablere nytt luftspenn over Sognefjorden (Hove-spennet) i 2026-2027, og fjerning av eksisterande luftspenn vinteren 2027/2028.

Kystverket har ikkje merknad til endring av traséen, men har faglege råd som omhandlar skipstrafikken ved etablering av nye luftspenn og fjerning av gamle/eksisterande luftspenn.

Kystverket har følgjande faglege råd som vi ber om at det blir tatt omsyn til i planarbeidet:

- a). Tiltaket er søknadspliktig etter Havne- og farvannslova §14.
- b). Nytt luftspenn må ha minimum 75 meter seglingshøgde på ved HAT.
- c). Tiltakshavar må ta omsyn til skipstrafikken ved etablering og fjerning av luftspenn.
- d). Ved etablering og fjerning av luftspenn må ein avklart handlingsplan med kommunikasjonsplan ligge føre. Tiltakshavar er og ansvarleg for kommunikasjon mot verksemdene med hamner som er avhengig av skipstrafikk i tidsrommet for etablering og fjerning av luftspenna.


Grunnlaget for Kystverkets engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, tryggleik på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket tar ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping, og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Kystverket har fått i oppdrag å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportssystem beståande av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling langs kysten, og for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk, og for at personar skal koma seg mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om rolla vår i arealplanlegging på våre nettsider¹. Her finn ein òg styrande dokument som ligg til grunn for medverknaden vår i planlegging etter plan- og bygningslova.


Kystverkets vurderingar

For Kystverket er det avgjerande at skipstrafikken vert sikra trygg seglas med naudsynt seglingshøgde og seglingsbredde i farleiene i Sognefjorden både under etablering av nytt luftspenn, ved fjerning av eksisterande luftspenn og etter etablering av luftspenn.


Hovudleia «Holmengrå-Årdalstangen» går frå Sognesjøen inn Sognefjorden til Årdalstangen. Frå hovudleia går det bileier inn sidefjordane til hamnene.

Dei største og høgaste fartøya må segle nært land for å ha tilstrekkeleg seglingshøgde under luftspenna. Dette kan gi konsekvens for kommunane si planlegging av sine sjøområde, då eit større sjøareal må settast av til farlei/ferdsle i områda der luftspenna kryssar fjorden.

Sognefjorden er trafikkert av alle typar fartøy, inkludert dei største cruiseskipa på over 300 meter lengde og høgde opp mot 72 meter. Statistikk frå Kystdatahuset viser at i 2023 passerte det 2.121 fartøy med AIS (automatisk informasjonssystem) i det aktuelle området for Hove-spennet:




AIS-spor av alle lengdegrupper over passeringslinja vist med raud strek i kartet nedanfor:




¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/sjotransportens-interesser-i-arealplanlegging/>

AIS-spor av skip over 100 meters lengde over passeringslinja:




Passeringer etter lengdegruppe




Dimensjonerende fartøy i hovudleia er cruiseskipa, men Sognefjorden er og hovudvegen for godstransport til/frå industriverksemdene med tilknytning til fjorden.

Statistikken frå Kystdatahuset nedanfor viser passeringar etter skipstype og etter månad, over den same passeringslinja som vist ovanfor, for året 2023:

Passeringer etter skipstype (10 største)



Passeringer etter måned




Det er trafikk i området heile året, men ein sterkt auke i sommarhalvåret. Tiltakshavar må ta omsyn til skipstrafikken ved etablering og fjerning av luftspenn.


Kystverket har lagt til grunn opplysningar frå Statnett i samband med søknad frå 2021 (e-post frå Johan Olav Bjerke datert 3.6.2021) med tittel «420 kV Sogndal - Hove: Kryssing av Sognefjorden»:

«Vedlagte profiler viser linehøyden på ferdig monterte liner. Ved stor kraftoverføring på linene vil temperaturen stige betraktelig og linene vil utvide seg og sige. Laveste linehøyde over HAT ved maksimalt temperatursig vil være ca. 80 meter. Laveste temperatursig er vist ved rød stiplede strek i profilene. I tillegg kommer nødvendige elektriske sikkerhetsavstander til liner, som gir en reell seilingshøyde på ca 75

meter over HAT på det laveste punktet på linene. Seilingshøyden øker raskt til sidene for det laveste punktet på linene. Topplinen som merkes med flymarkører har en betydelig høyere lineprofil enn strømførende liner, og ligger i liten grad.»



Det er flere hamner i Sognefjorden som vert råka av etablering av nye luftspenn og fjerning av gamle luftspenn. Bildet nedafor viser stader med skipstrafikk som kan bli råka av nytt luftspenn under etablering/fjerning:



Tiltakshavar er ansvarleg for kommunikasjon mot verksemdene med hamner som er avhengig av skipstrafikk i tidsrommet for etablering og fjerning av luftspenna.

Samandrag

Kystverket viser til våre faglege råd og innspel i dette brevet, og vi forventar at desse blir tatt omsyn til i oppfølginga av planarbeidet.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE